



Bolig & Eiendom AS
Stølen 26
5911 ALVERSUND

Referanser:
Dykkar:
Vår: 19/906 - 19/10975

Saksbehandlar:
Eirik Berntsen
eirik.berntsen@lindas.kommune.no

Dato:
03.04.2019

Førebels svar med trong for tilleggskontroll - gbnr 185/213 Isdal

Tiltak: bruksendring
Byggjestad: Gbnr: 185/213
Tiltakshavar: Bolig & Eiendom AS
Ansvarleg søkjar: Arkoconsult AS

Kommunen stadfestar å ha motteke dykkar søknad 15.03.2019.

Mottakskontroll

Kommunen har kontrollert søknaden og finn at den ikkje er fullstendig. Vi ber om at søknaden vert supplert med følgjande dokumentasjon:

1. Bruksendringa er avhengig av dispensasjon frå reguleringsplanen § 5, for innredning av både loft og kjeller til boligrom. Bestemmelsen opnar for at anten loft eller kjellar kan innredast med bustadrom, men ikkje både loft og kjellar samtidig.

§ 5. Frittliggjande einebustader kan førast opp i 1½
høgde, med bustadrom anten på loft eller i kjeller-
høgde i tillegg til hovedhøgda.

Dispensasjonssøknada må nabovarslast på vanlig måte.

2. Eigedom gbnr 185/181 og 185/181 må nabovarslast om både søkaden og dispensasjonssøknaden, da dei er gjenboare.

Kommunen ber om at tilleggsinformasjon vert sendt inn samla innan 01.05.19. Dersom informasjonen ikkje er sendt til kommunen innan fristen, vert saka tatt til handsaming ut frå dei opplysningane som ligg i søknaden.



Det vert gjort merksam på at dette ikkje er ein fullstendig gjennomgang av søknaden. Denne tilbakemeldinga er gjort på bakgrunn av dei forholda som er kontrollert ved kommunen sin mottakskontroll. Vi oppmodar søkjar om å ta ein ny gjennomgang av søknaden før innsending av etterspurd dokumentasjon slik at ein unngår ytterlegare forsenkingar i saksgangen.

Sakshandsamingsfrist

Ettersom saka er avhengig av dispensasjon er saksbehandlingstida for denne søknaden 12 veker frå komplett søknad er mottatt, jf. plan- og bygningslova § 21-7, jf. SAK § 7-1.

Gebyr

Gebyr vert rekna ut i frå Lokal forskrift om gebyr for teknisk forvaltningsteneste. Det vert sendt ut krav om gebyr i samsvar med gjeldande forskrift når saka er ferdig handsama.

Med helsing

Siril Sylta
avdelingsleiar

Eirik Berntsen
saksbehandler

Dette dokumentet er elektronisk godkjent og har difor ingen signatur.

Kopi til:

Arkoconsult AS

Postboks 103

5291

VALESTRANDSFOSSEN

Mottakarar:

Bolig & Eiendom AS

Stølen 26

5911

ALVERSUND